

Samfunnsansvar i Helse Vest - utgreiing

Spesialisthelsetenesta har vedteke eit felles rammeverk for samfunnsansvar, sjå [Sak 02923 Vedlegg 1 - Spesialisthelsetjenestens rammeverk.pdf \(helse-vest.no\)](#). Rammeverket klargjer kva rammar/ føringar som gjeld for området og korleis spesialisthelsetenesta arbeider med området. Rammeverket gir ein oversikt over lovkrav i regnskapsloven, likestillings- og diskrimineringsloven og openheitslova som helseføretaka skal rapportere på i utgreiing for samfunnsansvar. Her er utgreiing av dei mest sentrale aktivitetane på området, ei beskriving av vesentlege risikoområder som er avdekkja og tiltak som er iverksett eller planlagt iverksett. Utgreiinga skal signerast av styre og administrerende direktør. Utgreiing for samfunnsansvar blir fremma for styret i Helse Vest i same møte som årsberetninga.

Risikovurdering i Helse Vest - samfunnsansvaret

For å vurdere og identifisere risiko relatert til samfunnsansvaret har Helse Vest nytta verktøyet «ansvarlighetskompasset» som er utvikla av OECD, sjå vedlegg. Områda menneskerettar, anstendige arbeidsforhold, klima og miljø, naturmangfald og førebygging av økonomisk kriminalitet er omtalt. For området omfatta av likestillings- og diskrimineringsloven så vil det bli greidd ut om dette i ein eigen rapport.

Helse Vest RHF har også vedtatt eit rammeverk for styring av heile verksemda, sjå [Sak 11920 Vedlegg 1 - Rammeverk for verksemdstyring Helse Vest.pdf \(helse-vest.no\)](#), som mellom anna beskriver rutinar for evaluering og korrigerering av verksemda. Saman med helseføretaksgruppa har Helse Vest identifisert 5 risikoområder for drifta i stort, som ein ser særleg behov for å følgje opp i føretaksgruppa, sjå [Fem topp risiko - Helse Vest RHF \(helse-vest.no\)](#). Vurdering av risiko for området samfunnsansvar, ses i samanheng med annan risikostyring i Helse Vest følgd opp av riskostyringsnettverket i Helse Vest.

For å ta i vare samfunnsansvarsområdet og følgje opp konkrete sakar har Helse Vest etablert eit team på tvers av avdelingar i RHF-et som har møter månadleg. Eigardirektør er leiinga sin representant i teamet, her deltek mellom anna bygg og eigedomssjef, innkjøpskompetanse og koordinator for samfunnsansvaret. Helse Vest deltek, saman med dei andre RHF-a, i nasjonalt samarbeidsutval for samfunnsansvar, og leier også to regionale nettverk der representantar frå helseføretaka deltek: regionalt nettverk for klima og miljø og regionalt nettverk for implementering av openheitslova. Mål for alle team og nettverk er å drøfte felles problemstillingar og å samarbeide om å nå mål.

Sosiale forhold

Menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold

Lover og sentrale føringer:

Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (åpenhetsloven)

§ 4. Plikt til å utføre aktsomhetsvurderinger

Loven pålegger en informasjonsplikt og en plikt til å gjennomføre aktsomhetsvurderinger som skal være tilgjengelig i en offentlig rapport.

§ 5. Plikt til å redegjøre for aktsomhetsvurderinger

Helseforetakets redegjørelse

Helse Vest har etiske retningslinjer som gjeld for alle medarbeidarar og innleigd personell. Det finst rutinar for varsling. Både internt til leiar, men og moglegheit for ekstern varsling ved høve for det. Eit eksempel på korrigering av drifta på bakgrunn av varsel er vikarbyrå-saken frå 2021. Helse Vest fekk varsel om at lønningane til medarbeidarar ikkje var i samsvar med tariff.

Sykehusinnkjøp HF gjennomfører alle innkjøp i Helse Vest med unntak av kjøp av helsetenester. Det er dermed Sykehusinnkjøp som har ansvaret for å ta i vare menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda. Sykehusinnkjøp HF har vedteke ein policy for samfunnsansvar og gjennomfører aktsemdsvurdering for heile leverandørkjeda for dei varekategoriane som dei vurderer har høgast risiko. For nærare utgreiing, sjå [Samfunnsansvar - Sykehusinnkjøp \(sykehusinnkjop.no\)](#).

Alle avtalar som Helse Vest inngår om kjøp av helsetenester inneheld avsnitt om krav til lønns- og arbeidsvilkår og etikk (forbud mot barnearbeid, tvangsarbeid, slavearbeid og diskriminering). Helse Vest vurderer at det er lav risiko for brot på menneskerettar og at det er anstendige arbeidsforhold hjå leverandørar med avtale med Helse Vest. Likevel viste Romania-saka frå 2023 at leverandørkjeda ikkje var godt nok kartlagt. Ein leverandør med avtale med Helse Vest nytta innleigd personell i Romania til å tolke røntgenbilete. Utfordringa med dette er tryggleiken til pasientar og uvissa knytt til om bildane er vurdert riktig. Det har ikkje blitt oppdaga avvik. Hendinga gjer at Helse Vest vurderer som eit prioritert risikoområde at ikkje alle områder i avtalen er godt nok gjennomgått og belyst. Det er ikkje forbod mot å bruke konsulentar, men leverandøren må sikre norsk språk, helsepersonell med norsk autorisasjon og riktig lønnsvilkår.

Når det gjeld kjøp av tenester i byggeprosjekt, rehabilitering eller nybygg, så er det Sykehusbygg HF som har ansvaret for aktsemdsvurdering og vurdering av risiko i prosjekta der dei er involvert. I bygge- eller rehabiliteringsprosjekt som helseforetaka gjennomfører sjølve må dei gjennomføre aktsemdsvurderinga. Helse Vest skal leige lokalar i nytt bygg, K8, frå november 2023. Helse Vest er ikkje eigar av bygget og vurderer at byggherre for K8 står ansvarleg for anstendige arbeidsforhold og menneskerettar.

Risikoområder:

1. Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar er ikkje godt nok kjent
2. Avtaler innan kjøp av helsetenester blir ikkje gjennomgått godt nok for områda «krav til lønns- og arbeidsvilkår» og «etikk» med tanke på gjensidig forventningsavklaring

Tiltak:

1. Utarbeide kommunikasjonsplan for å gjere kjent rammeverket for samfunnsansvar
2. Før signering av kontrakt med ein ny leverandør av helsetenester skal Helse Vest gjennomgå punkter om menneskerettar, etikk og bruk av konsulentar og avklare forventningar. Dette blir skrive inn som fast punkt i rutinar (QLM).

Medarbeidere og mangfold**Lover og sentrale føringer:**

Likestillings- og diskrimineringsloven § 26

Arbeidsgivere i offentlige virksomheter, og private virksomheter med flere enn 50 ansatte skal:

- jobbe med likestilling og diskriminering gjennom en lovbestemt metode, herunder annethvert år kartlegge lønn og ufrivillig deltid (aktivitetsplikt).
- redegjøre for likestilling i årsberetning/-rapport (redegjørelsesplikt).

Helse Vest vil greie ut om dette området i eigen mal som er godkjent av føretaksgruppa i Helse Vest hausten 2022: *Rapporteringsmal: likestilling, inkludering og mangfald*. Malen ligg som vedlegg 3 til Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar.

Miljøforhold**Klima og miljø****Lover og sentrale føringer:**

Regnskapsloven § 3-3 c

foretak som er omfattet av loven utarbeide en redegjørelse om samfunnsansvar som minst omhandler miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikke-diskriminering, overholdelse av menneskerettigheter og bekjempelse av korrupsjon og bestikkelser.

Felles klima og miljømål for spesialisthelsetjenesten.

Helseforetakets redegjørelse:

Helse Vest har system for miljøleiiing i RHF og i alle helseforetak. Det inneber system for å kartlegge, identifisere risiko og utarbeide mål og handlingsplan med tiltak. Vi rapporterer årleg i klimagassrekneskapan, direkte utslepp (scope 1 og 2). Vi er i 2023 også pålagt av helse- og omsorgsdepartementet å rapportere for indirekte utslepp (scope 3). Dette har Helse Bergen gjennomført, men ikkje dei andre helseforetaka i Helse Vest. Vi vurderer som eit prioritert risikoområde at vi ikkje har et system for kartlegging og rapportering av indirekte utslepp.

Spesialisthelsetenesta har vedteke felles mål for å redusere klimagassutsleppet og har utarbeida indikatorar for å følge opp måla. Hovudmålet er at klimagassutslepp skal reduserast med 40 % innan 2030. Resultat for alle helseforetak er tilgjengeleg i eit dashbord [Klimaindikatorar](#). Indikatorane og resultatane er tema i oppfølgingsmøter mellom RHF og helseforetaka. Året som reduksjon skal målast frå er 2019. Sidan 2019 er det ei lita auke på mindre enn 1 % i direkte utslepp i 2022. Men spesialisthelsetenesta har inngått langsiktige avtalar om bruk av gjenvinningskraft frå industri, kraft som har lågare klimagassutslepp. Når gjenvinningskraft er

teke med i rekneskapen er Helse Vest si reduksjon i utslepp heile 46 % sidan 2019. Dermed bør målet om 40 % endrast til eit kvassare mål.

Det har vore ein rekke informasjonstiltak gjennomført i løpet av 2022, i tillegg til å gi ut den årlege rapporten for samfunnsansvar har Helse Vest mellom anna arrangert fire nasjonale webinar med ulike tema innan klima og miljø: klimabudsjett, plastsmart sjukehus, forbetring og pasienttryggleik med klima og miljøperspektiv og digitalisering – godt miljøtiltak? Å nå fram til medarbeidarar med klima og miljøarbeid som blir gjort og kan gjerast i sjukehus er ei kontinuerleg utfordring og kommunikasjon er eit område som det blir jobba med jamt og trutt. Vi har vald å ikkje løfte det fram som eit særleg risikoområde for 2023.

Risikoområde:

3. Helse Vest har ikkje eit system for kartlegging og rapportering av indirekte utslepp (scope 3)

Tiltak:

3. Sjå på ulike metodar for å kartleggje indirekte utslepp og gjennomføre kartlegging.

Naturmangfold og økosystemer

Lover og sentrale føringer:

Regnskapsloven § 3-3 c

foretak som er omfattet av loven utarbeide en redegjørelse om samfunnsansvar som minst omhandler miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikke-diskriminering, overholdelse av menneskerettigheter og bekjempelse av korrupsjon og bestikkelser.

Standard for klima og miljø i byggeprosjekter (Sykehusbygg)

Helseforetakets redegjørelse:

Helse Vest har regionale beredskapsplanar som bygger på ROS-analyser som også vurderer naturhendingar, dette er definert som "Svikt i kritisk infrastruktur". I beredskapsarbeid så vil hendinga skårast som meir sannsynleg når klima blir verre (meir nedbør, storm, uvêr osv.). «Standard for klima og miljø i sykehusprosjekter» som Sykehusbygg HF har utarbeida har definert miljømål for byggeprosjekt (nybygg og rehabilitering), sjå Standard for klima i miljø i sykehusprosjekter med vedlegg.pdf (sykehusbygg.no). I tillegg finnes rutinar for tilstandsvurdering, denne blir gjennomført kvart 4. år i Multimap i alle regionar. Det blir definert grunnlagsdata for kartlegging av eigendomars risiko og sårbarheit grunna klimatiske forhold.

Området blir vurdert til å vere godt tatt i vare i beredskap og bygg.

Økonomiske forhold

Førebygging av økonomisk kriminalitet og antikorrupsjon

Lover og sentrale føringer:

Regnskapsloven § 3-3 c

foretak som er omfattet av loven utarbeide en redegjørelse om samfunnsansvar som minst omhandler miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikke-diskriminering, overholdelse av menneskerettigheter og bekjempelse av korrupsjon og bestikkelser.

Eierskapsmeldingen: Selskapet arbeider systematisk for å forebygge økonomisk kriminalitet som korrupsjon og hvitvasking i egen virksomhet og i leverandørkjeden

Helseforetakets redegjørelse

Helse Vest har overordna rammeverk for samfunnsansvar, rammeverk for verksemdstyring og etiske retningslinjer som ligg til grunn for forebygging av økonomisk kriminalitet og anti-korrupsjon. Når det gjeld økonomisk kriminalitet så har vi rutinar for fakturakontroll der fleire godkjenner utbetaling. Vi har også avtale med 3 konsulentbyrå som blir nytta når vi bruker innleid arbeidskraft. Konsulentbyråene har rutinar for bakgrunnsjekk av innleide medarbeidar. Det er ikkje vurdert at det er stor risiko for økonomisk kriminalitet.

Når det gjeld antikorrupsjon så har toppleiarane hatt dilemmatrening der relevante dilemma for vår verksemd blei gjennomgått. Truleg er det i mindre grad vurdert risiko og gjort kjent korleis antikorrupsjon er relevant for vår verksemd i alle leiarnivå, derfor er tema løfta som eit risikoområde. Det er ønskeleg med meir systematikk og meir dilemmatrening på dette området i Helse Vest.

Risikoområde:

4. Kunnskap om korleis antikorrupsjon er relevant i vår verksemd er truleg for lite kjent

Tiltak:

4. Dilemmatrening – Helse Midt-Norge og Sykehusinnkjøp HF har utarbeida relevante dilemma som kan testast ut på leiarar i Helse Vest